

Saksbehandlar: Einar Ulla
Avdeling: Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 12/7308-11

Oppfølging av eigarskapskontroll av Lutelandet Utvikling AS

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek oppfølginga frå Lutelandet utvikling til vitande
2. Kontrollutvalet ser på eigarskapskontrollen som avslutta.

Vedlegg:

- Brev frå Lutelandet Utvikling AS – Oppfølging av selskapskontroll Lutelandet Utvikling AS – datert 20.12.2013

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn

Kontrollutvalet bestilte gjennomføring av eigarskapskontroll av Lutelandet Utvikling AS hausten 2012. Rapporten etter gjennomført prosjekt vart handsama i kontrollutvalet 2.4.2013 i KU-sak 14/13. Rapporten vart sendt til fylkestingshandsaming og fylkestinget handsama rapporten 16.4.2013 i FT-sak 2/13, og vedtok følgjande:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført eigarskapskontroll av Lutelandet utvikling til vitande
2. Fylkestinget vil som eigar oppmode selskapet om å gjennomføre tilrådingane frå revisor i kapittel 8 i rapporten.
3. Fylkestinget ber selskap og fylkeskommunen sin eigarrepresentant om å orientere kontrollutvalet i fylkeskommunen når arbeidet med oppfølginga er gjennomført, seinast innan utgangen av 2013.

2. Vurdering og konsekvensar

Kontrollutvalet v/kontrollsjefen mottok brev datert 20.12.2013 frå Lutelandet Utvikling AS der dagleg leiar orienterer om oppfølginga selskapet har gjort i høve til tilrådingane frå revisor. Dagleg leiar skriv dette i brevet:

Vi har i vår sakshandsaming vald å følgje tilrådingane frå rapporten og systematisk gå gjennom dei små og dei noko større avvika som er avdekkja der og rette dei.

Det er i brevet ei systematisk oppsummering over tiltak og oppfølging av tiltaka, og kontrollsjefen vurderer tiltaka til å vere oppfølgde i samsvar med oppsummeringa frå dagleg leiar i brevet.

Fylkestinget vedtek i pkt. 3 at selskapet og fylkeskommunen sin eigarrepresentant skal orientere kontrollutvalet når oppfølginga av tilrådingane er gjennomførde. kontrollutvalet

v/kontrollsjefen har motteke brev med orientering frå selskapet (Sjå vedlagte brev frå Lutelandet Utvikling AS, datert 20.12.2013).

Pkt 3 i fylkestinget sitt vedtak inneheld også ei oppfordring om at fylkeskommunen sin eigarrepresentant skal orientere kontrollutvalet om oppfølginga som er gjort. Dette punktet var opphavleg sett i forhold til eit vedtakspunkt i kontrollutvalet si tilråding til fylkestinget som omhandla tiltak som eigarrepresentanten skulle gjennomføre. Dette vedtakspunktet vart føreslege å ta ut i fylkestinget si handsaming, noko som fekk 26 røyster i tinget og dermed vedteke. Det er kontrollsjefen si vurdering at fylkestinget er av den formeining at punktet om at Sogn og Fjordane fylkeskommune i samråd med dei andre eigarane skal utarbeide rutinar knytt til eigarane sine strategiske forventningar og krav til selskapet, skal takast ut av oppfølginga.

Det er også eit punkt i tilrådinga der revisor anbefaler at fylkeskommunen set av ressursar til opplæring av dei folkevalde for å gje dei ei større bevisstheit om rollar og ansvar og styringslinjer som valde eigarrepresentantar eller som valde styrerepresentantar. Høgre, Framstegspartiet og Venstre sette fram forslag som omhandla opplæring av folkevalde, men dette forslaget vart nedstemt i fylkestinget då det fekk 13 røyster. Kontrollsjefen vurderer dette slik at fylkestinget ikkje ville seie noko spesielt om opplæring av folkevalde i handsaminga av denne rapporten.

Lutelandet Utvikling AS har, etter kontrollsjefen si vurdering, følgd opp rapporten i samsvar med tilrådingane frå revisor etter forventningane til kontrollutvalet. Kontrollsjefen vurderer med tilbakemeldinga frå Lutelandet Utvikling AS at rapporten etter gjennomført eigarskapskontroll er ferdig oppfølgd.

4. Konklusjon/tilråding

Lutelandet Utvikling AS har følgd opp tilrådingane i rapporten. Det er denne oppfølginga fylkestinget har bedt om i sitt vedtak, og dermed er rapporten ferdig følgd opp.